

Per Sivle – ikkje i live, men livs levande

Sogn har fostra få kjende forfattarar, knapt nokon. Men me har del i nokre, so som Henrik Wergeland, Per Sivle og Olav H. Hauge. Dei to siste var bae halvt sogningar, far til Olav H. heitte Håkon og kom frå Hauge i Lærdal, og mor til Per Sivle kom frå Flåm og heitte Susanna Ryum. Sivle skal sjølv ha sagt at det beste i han kom frå Sogn, det har sjølv vossingar sitert, “so då må da vel vera sant”.

Og det beste etter Per Sivle lever meir og rikare enn på lenge; saga om Sivle og diktingi hans har radt hatt ei blømingstid dei siste sju-åtte åri, etter at Jens Brekke fekk skipa Sivle-laget på Stalheim i 2002. Og sjølv i eit år som 2010, utan noko som helst jubileum for Sivle, har det hendt ein heil del som har fått diktaren og verket fram i lyset. Me kan fortelja om avduking av ein flott Sivle-statue i Drammen – kven ville ha trutt noko slikt for nokre få år sidan? – og om stor Sivle-samling på Hedmarksvidda, noko som sikkert høyrer endå meir utruleg ut. Og om svært vellukka seminar og årsmøte på Stalheim og makelaus Sivle-framsyning på Sivle gard.



LEVANDE: Statuen av Per Sivle som vart avduka ved Papirbredden i Drammen 8. april i år, er står slett ikkje i ro. Kunstnaren Merete Sejersted Bødtker har makta å framstilla ein mann på veg framover i livet, eit liv som vart altfor stutt, berre 47 år.

Jon Eikemo og andre

Oppsetjingi hans Jon Eikemo fortener forresten særskilt skryt; han har makta å framstilla det store mangfaldet i Per Sivle sitt liv og diktingi hans på ein truverdig og levande måte, frå

det fyrste teikn til liv i Flåm til det siste, drepende skotet i Kristiania, frå fargerike vossastubbar til vare skiltringar i poesi og prosa. Eikemo valde sjølv å setja opp framsyningi som sluttstein i ein stor og lang skodespe-



EI BRAGD: Nils Johan Rønniksen heiter mannen som både tok initiativ til å få laga ein statue av Sivle og samla inn fleire hundre tusen for å finansiera det vellukka kunstverket ved foten av den prisløna brui Ypsilon. Drammen kommune og Sivlelaget kunne berre takka!



EIN KUNSTNAR: Kunstnaren Merete Sejersted Bødtker har forma Per Sivle både i heilfigur og som miniatyr, ei gåve til Drammen kommune, og dessutan eit portrett som står i det nye fag- og folkebiblioteket Papirbredden ved Drammenselva.



SIVLE-PRISEN: Kunsthistorikaren Gunnar Danbolt tok imot Sivle-prisen i Førde 1. mai i år, for god publisering på bae målformene, fungerande leiar Anders Gjerland delte ut.



GJORDE LUKKE: Vossingen Roald Waktiskjold gjorde 30. mai i år stor lukke på Nordhue innpå Hedmarksvidda med sitt kåseri om Sivle og diktningi hans, ikkje minst med stubben om ho Gamla-Marta. Fullt hus av hedmarkingar sette stor pris på Sivle-programmet.



larkarriere. Stykket gjekk for mest fulle hus på Det Norske Teatret hausten 2009, og har sidan vore ikring, til glede og ettertanke for publikum på mange plassar.

Me kan elles melda om utdelingi av Sivle-prisen til kunsthistorikar Gunnar Danbolt i Førde, Sivle-helg på Fretheim i Flåm og ny CD-innspeling med Jon Ruder sine fine tonar til kjende og meir ukjende Sivle-tekstar. Og so vert det arbeidt med ei eigi Sivle-songbok, som truleg kjem ut

neste år. So sjølv om det har vore noko mindre aktivitet i sjølve Sivlelaget siste året, har det hendt og skjer stendig noko med Sivle sin forfatterskap i andre lag og lydar sin regi.

Mykje song og soger

Mellom anna stemde ei songglad forsamling i både den eine og den andre versjonen av "Dan fyrste songjen" på songkvelden i Bygdslagshuset i Oslo onsdag 8. september, der Terje Aarset frå Høgskulen i Volda kåserte om dei



PÅ VIDDA: Også på Hedmarksvidda, på høgaste toppen der, Nordhue, er Sivle heidra med ein minnestein, sett av skogeigaren og norskdomsmannen Helge Væringsåsen. Han var ein ven av Sivle og velgjerar. Einar Lund har friska opp att innskrifti på eine sida steinen.



SONGDANS: *Leikarringen Sølja på Hamar har teke opp att tradisjonen med å markera minnet etter Sivle på Nordhue, der dei m.a. dansa to av Sivle sine songar ute på vollen ved merkjesteinen, "Vesle lerka" (Lerka) og "Vardevakt" (Varde).*

klassiske nynorsksongane, som han har skrive bok om, og alt folket, ein fullsett sal, song dei etterkvart, til tonefylgje og oppsong frå Ingvild Bryn. Og Ingebjørg H. Bratland song nok ein gong ein Sivle-song under Litteraturdagane i Vinje helgi 17.–19. september, der Sivle forresten var den utvalde diktaren for to år sidan (2008). Og torsdag 23. september drog Roald Waktskjold til Drøbak og hadde Sivle-program på forteljarkafeen i Det gamle bakeri, med vossastubbar, dikt og saga "Hjelpelaus". Han hadde også hovudprogrammet under Sivle-dagen på Nordhue på Hedmarksvidda 30. mai.

Og i Karl-Anders Hovden sitt foredrag om bestefaren, diktarpresten Anders Hovden, som også var ein landskjend folketalar av Guds nåde, på Kolbotn 29. september vart ven-skapan mellom Sivle og Hovden dre-gen fram fleire gonger. Det er elles i år 150 år sidan Hovden vart fødd, han var berre tre år yngre enn Sivle og hans næraste kamerat i livet etter dei treftest.

HØVELEG HEIDER: *Sjolv fekk Jens Brekke gleda av å takka og gjera ære på Jon Eikemo for hans framføring av Sivle i liv og dikting, etter den andre førestillinga for fullsett løe på Sivle gard 21. august. Eikemo fekk Sivle sine samla i to band, utgåva frå 1943.*

Anna Sivle-arbeid

Dessutan vert det, ikkje minst, arbeidt godt og målmedvite lokalt med å få gjenreist fødestova til Sivle i Flåm, truleg på tufti attmed kyrkja, nokso nær der ho stod den tid Per og broren vart fødde der 6. april i 1857. Tett attmed står allereie ein av minnesteinane om Per Sivle. Og på sjolve Stiklestad, der slaget stod i 1030, er no kome opp ei flott tavle med fyrste og siste vers av Tord Foleson på eine sida, slik at heller ikkje trønderane treng gløyma nasjonalskalden.

Sivle og diktingi hans lever stutt sagt sitt eige liv i lag og lyd, sjolv der ingen skulle tru... Dessutan, i mest annakvar sending av Songtimen sundagsmorgonane i radioen spelar dei ein Sivle-song eller to, oftast "Den fyrste

FORTENT TAKK: *Jens Brekke (t.v.) fekk skipa Sivle-laget i 2002 og har vore leiar i åtte år. Han vart grundig takka og heidra på årsmøtet i laget på Stalheim 21. august, fyrst og fremst av nyvald leiar i laget, Anders Gjerland, som også har fungert som leiar siste året.*



songen", det finaste morsdiktet i norsk litteratur. Den songen skreiv han til minne om si eigi mor, som døydde frå han då han var berre to og eit halvt år gammal. Diktet stod fyrst på trykk i Fedraheimen i 1877, då Sivle var 20 år.

Alv Reidar Dale

